



LINDÅS KOMMUNE  
Felles postmottak Kvernhusmyrane 20  
5914 ISDALSTØ

Dato: 01.03.2018  
Vår ref.: 2018/676-3  
Saksbehandlar: sigwols  
Dykkar ref.:

Att. Nils Kaalaas

## **Landbruksveg - Brusundet - gnr 58 bnr 15 - Lindås kommune - Fråsegn etter synfaring**

Vi viser til brev dagsett 17.01.2018, og til vårt brev av 21.02.2018 med varsel om synfaring.

Mottekne søknad til fråsegn gjeld etablering av landbruksveg vegkl. 7 (tung traktorveg) i ei lengd av 30 meter. I følge søknaden som er sendt inn til kommunen skal vegen etablerast for blant anna uttak av skog, totalt 25 dekar. Vi går ut i frå at skogen skal takast ut på gnr. 58 bnr. 15.

Arkeologar frå Hordaland fylkeskommune gjennomførte synfaring i det gjeldande arealet 28.02.2018.

### **Landbruksveg**

I vist trase for landbruksveg vart det ikkje påvist synlege automatisk freda kulturminne eller andre kulturminne med høg nasjonal eller regional verdi under synfaringa. Det er i dette området ikkje trong for ytterlegare arkeologiske registreringar.

### **Dekningsområde for skog**

Det er ikkje kjend automatisk freda kulturminne eller andre verneverdige kulturminne i området. Det er likevel høgt potensial for funn av automatisk freda kulturminne i delar av området. Vi ber om at tiltakshavar sender inn eit kart som viser området som blir råka av skogsdrifta slik at vi kan vurdere tiltaket opp mot kulturminneomsyn.

Dersom det er spørsmål i saka, ta gjerne kontakt med sakshandsamar Sigrun Wølstad.

David J. Aasen Sandved  
kst. fylkeskonservator

Sigrun Wølstad  
spesialrådgjevar

*Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.*